

A person with long blonde hair, seen from behind, is sitting on a swing. They are wearing a light-colored sleeveless top and dark shorts. The swing is suspended by two thin ropes. In the background, there are large, rugged mountains with patches of snow. A calm body of water, likely a fjord, stretches across the middle ground. The sky is a pale, hazy blue. The overall mood is peaceful and contemplative.

Arbeidskravet mitt

Ingvild Orset Svello

14.11.2024


Innledning

Kva er ein profesjonsutvikling?

Ein startar som ein person med eit ønske om å ta utdanning og visse grunner til kvifor ein vil det. Gjennom utdanning vil gjere seg opp tankar om fagstoffet, engasjere seg for sakar som gjeld profesjonen og begynne å praktisere det ein lærer. Spørsmålet ein håper på å få svaret til vidare i teksten er kor langt er vi i den prosessen for å bli lærar?

Kva betyr det å vere lærar?

Læraryrket er ein profesjon der samfunnet rundt har mange forventningar til kva du skal kunne og kordan du skal vere. Samfunnet forventer at ein da har god kompetanse om både sitt spesialiserte fagfelt, kordan formidle det og kunne ta vare på barna deira. Som lærar er det ein fordel om ein er omsorgsfull, tydleg, engasjert, tolmodig, omstillingsdyktig, open og oppmerksam. Det er da ikkje eit problem at ein person ikkje er like tolmodig, men om ein da ønsker å bli ein lærar så er det noko ein bør vere litt oppmerksam over. Når ein kjem heim etter jobb så slepp ein å tenke over dette, men på jobb er elevane avhengig av deg og at du er den dei treng deg til å vere. Det er nemleg ein del av jobben din.

A person is sitting on a swing, facing away from the camera, in a scenic mountain landscape. The swing is suspended by two ropes. The background features steep, rocky mountains under a clear sky. The foreground shows a calm body of water reflecting the surrounding environment. The overall tone is peaceful and contemplative.

Lærarplanverket, kva står det der og kordan må ein som lærar ta stilling til den?

Ein har som lærar metodefriheit som betyr at dei sjølv veljar kordan dei ønsker å formidle kunnskapen sin, men ein må følge læreplanverket LK20. Læreplanverket si noko om kva eleven skal kunne innan ein viss periode er over. Det er vertfall målet og som lærar skal ein prøve sitt beste for å få det til.

Design å lage en utstilling som viser fram prosess og produkt.


(Utdanningsdirektoratet, 2020) Det er eit eksempel på eit av desse måla. Dette er eit mål ein håper alle barn som går i sjuande klasse skal kunne i løpet av året. Da bestemmer ein sjølv koss ein ønsker at dei skal lære det.

Kognitivt orienterte læringsteorier, kva er det?

Kognitivt orienterte læringsteorier er ein type paraplybetegnelse for mange ulike teoriar som handlar om mykje av det sama. Det dei alle handlar om er læring med vekt på det ein kallar for: *Observasjonslæring, sjølvregulert læring, metakognisjon, læringsstrategiar, og strukturering*. Albert Bandura var ein viktig person når det gjeld desse læringsteoriane.

Teoriane hans handla meir om kordan ein lærer av andre og omgivelsane sine: *Hva folk tenker, tror og føler påvirker hva de gjør. I sin tur vil de ytre virkningane av deres handlinger vere med på å bestemme hvordan de tenker å føler*. (Imsen, 2021, s. 114)

Observasjon og imitasjon er også noko Bandura var opptatt av. Altså det å følge med på andre for å så “herme” etter det dei gjer. Lære av feil andre gjer og kva dei har gjort om dei har får noko til.

A person is seen swinging on a swing set in the center of the image. The background features a calm lake in the foreground, with a range of mountains in the distance under a clear sky. The overall scene is peaceful and scenic.

Jean Piaget og Jarome Bruner er to personar som også er kjent som teoretikarar innafor læringsteorien. Piaget var optatt av det alderstypiske nemleg kordan eit barn utviklar seg, kva som er alderstypisk for barnet i ein viss alder, kordan det oppfattar verden og kordan det endrar seg når barnet blir meir modent. Han meinte at kunnskapen til barn utvikla seg med åra gjennom assimilasjons- og akkumodasjonsprosess. Bruner hadde ein teori nemleg “Learning by discovery” handlar om at eleven lærer ved å utforske og undersøke sjølv. Spiral prinsippet er noko Bruner har foreslått. Det går ut på at ein over tid gjentar det sama lærestoffet fleire gonger, men at det for kvar gong blir meir og meir avansert. Begrepet handlingsrepresentasjon handlar ulike måtar å lære og forstå verden på. Nemleg lese, sjå blider og bevegelse. Ein er avhengig av alle dei tre for å få eit heilheitleg bilde.

Frå praksis

Elevane skulle jobbe med leire og oppgåva var å lage julepynt. Mange av elevane lagde julenissar med skjegg. Når dei skulle lage skjegget gjorde elevane omtrent det sama. Dei kjevla ut leira, skjærte ut noko som kunne ligne på eit skjegg, så brukte strikkepinnar og andre verktøy for å lage overflate som kunne ligne på skjegg. Ein elev gjorde noko anna. Han brukte ein kvitlaukspresse og pressa ut lange strimlar med leire frå dei små høla. Skjegget hans vart veldig fint. Det såg dei andre elevane, etter dette var det slik dei fleste lagde skjegga sine. Dei andre elevane lærte gjennom medeleven at det vart fint, dei andre elevane ønsker også å lage noko fint. Derfor kan det vere at dei sjølv tenkte at det som skulle til var å gjere som medeleven sin. I tillegg såg dei at eleven fekk masse skryt for det den gjorde, det kan også vere ein grunn til at dei imiterte medeleven sin, kanskje ønska dei den sama skryten.

Frå praksis- eksempel nr. 2

Frå samma skuletimar som forgje eksempel: Når elevane jobba med leire fekk dei ein liten demonstrasjon i starten av timen av læraren. Ho viste nokon få ting som det å bruke slikker for å lime leire, kordan kjevle leire i tillegg til at ho kom med nokon få tips. Etter det fekk dei leire og oppgåve om å lage pynt til jul, sjølv om dei fekk eksempel på kva dei ville lage så er det ein prosess å lære å lage noko med leire. Det blir derfor ein form for “Learning by discovery”. Elevane måtte utforske kor hard ein kunne presse før det vart øydlagt eller kva ein burde gjere for å få det glatt. Elevane lærte ved å teste sjølv. Ulempene med det er at det tar lengere tid enn om ein får beskjed om kordan ein gjer alt, men i gjengjeld forstår ein det sjølv.

Avslutting

Avslutningsvis kan ein vel si at profesjonsutviklinga har starta. Erfaringar begynner å komme og med dei kjem lærdom. Kunnskapen ein lærer om i undervisninga blir satt i praksis og ein får testa seg sjølv. For å vere litt presis så er håpet framover er å kunne bli ein tydleg lærar med oversikt. Ein lærar som er engasjert i det den lærer bort og som er engasjert i elevane sine. Det er målet.

Litteraturliste

- Imsen, G.(2021). *Elevenes verden: Innføring i pedagogisk psykologi* (6.utg). Universitetsforlaget
- Imsen, G. (2020). *Lærernes verden: Innføring i generell didaktikk* (6.utg). Universitetsforlaget
- Utdanningsdirektoratet.(2020). Læreplan i kunst og håndverk (KHV01-02). Fastsatt ved forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
<https://www.udir.no/lk20/khv01-02>